



**Verneområdestyret for  
Brattefjell-Vindeggen  
landskapsvernombord**

Besøksadresse  
Skinnarbu  
3661 Rjukan

Postadresse  
Postboks 2076  
3103 Tønsberg

Kontakt  
Sentralbord +47 33 37 10 00  
Direkte +47 953 00 640  
sfvtpost@statsforvalteren.no

Verneområdestyret for Brattefjell-  
Vindeggen landskapsvernombord

Sakshandsamar Kristian Kvaalen Herregården

Vår ref. 2025/3310 - 432.2

Dato 07.08.2025

## Innkalling til styremøte 14.08.25

Det vert med dette kalla inn til møte i verneområdestyret.

Tid: Torsdag 14.08.25  
Stad: Longyearbyen, Svalbard

Gje beskjed snarast på 957 93 735 eller [kristian.herregarden@statsforvalteren.no](mailto:kristian.herregarden@statsforvalteren.no) om du ikkje kan møte.

### Saksliste:

- |           |   |
|-----------|---|
| Sak 10/25 | Godkjenning av innkalling og dagsorden  |
| Sak 11/25 | Saksframlegg:<br>Søknad om løyve til bruk av snøskuter til leigekøring og transportkøring utanfor godkjente trasear i Seljord kommune – Gaukjelo utmarksdrag v/ Olav Moen |
| Sak 12/25 | Referatsaker  |
| Sak 13/25 | Eventuelt   |
| Sak 14/25 | Neste møte  |



**Sak 11/25**

## **Søknad om løyve til bruk av snøskuter til leigekøring og transportkøring utanfor godkjente trasear i Seljord kommune – Gaukjelo utmarksdrag v/ Olav Moen**

### **Kort om saka**

Søknaden gjeld leigekøring/transportkøring i området Nørsteteig-Morgestaul-Solheimshaugen-Knipa/Svartdalsheiane; tilsvarende område som søker har hatt løyve til tidlegare. Søker har driftsavtale om ettersyn og vedlikehald av bygningane til gardane Espelid og Bakkemoen i Svartdal. Transportbehov gjeld reparasjon og vedlikehald samt transport av naudsynt utstyr til staulane. I tillegg også eventuell leigetransport for andre i området som ikke har egen snøskuter. Gaukeljo utmarksdrag ved Olav Moen har org.nr. 926 378 570.

Det er Seljord kommune som gje løyve etter motorferdsellova, og kommunen kan også gje slik løyve innanfor landskapsvernombordet – uten at verneområdestyret trenger å sjå på saka når transporten går etter dei vedtekne traseane for motorferdsle i området (sjå forvaltningsplanen).

Seljord kommune har gjeve løyve til Olav Moen og reservesjåførar i tidsrommet 15.10.25 – 25.04.27 (ref. 2025/1215-2). Det er vilkår i løyvet at transport berre kan skje i samsvar med temakart *motorferdsel og villrein* i forvaltningsplanen for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet. Det står og at *vedtaket er berre gyldig med vedlagt transportløyve frå verneområdestyret Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet*. Oppgjevne reservesjåførar er Tone Moen, Sveinung Moen, Torgeir Moen.

Denne søknaden gjeld køyring utanfor dei godkjente traseane innanfor Brattefjell-Vindeggen LVO. Olav Moen har i hovudsak behov for transport etter dei godkjente traseane i verneområdet, men det er eit par avstikkarar over 200 m som her skal handsamast.

-Avstikkar mellom godkjent trasear til hytte ved Fyljom og Morgestaulstauen  
-Avstikkar mellom Løkjestaul og Småtjønn

Det er desse strekningane som blir handsama i denne saka.

### **Vedlegg**

- Søknad, motteke 05.08.2025 (2025/9286-1).

### **Andre relevante dokument, ikkje vedlagde**

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltningsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet 2017-2027.
- Lov om motorferdsle i utmark og på islagde vatn.
- Forskrift om forbod mot motorferdsle i spesielt sårbare områder i Brattefjell/Vindeggenområdet, Seljord, Hjartdal, Tinn og Vinje kommunar, Telemark.



### **Det formelle grunnlaget**

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet er å:

- *"Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.*
- *Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.*
- *Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."*

I verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet er utgangspunktet at "Området skal vere verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.", jf. pkt. 1. Pkt. 1.4 seier at "Motorferdsel skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltningsstyresmakta. All motorferdsle skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varig skjemmande markskader, hjulspor ol."

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går og fram av § 7 i naturmangfaldlova (NML), som seier at prinsippa i §§ 8-12 i lova skal leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigkeit.

I NML § 8 går det fram at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.

Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. § 10. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårlig kunnskapsgrunnlag.

Etter NML § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket eller aktiviteten vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.

### **Vurdering**

Søknaden gjeld leigekøyring og transportkøyring i området Nørsteteig-Morgestaul-Solheimshaugen-Knipa/Svartdalsheiane; tilsvarande område som søker har hatt løye til tidlegare. Det er avstikkarar frå dei godkjente køyretraseane i verneområdet som skal handsamast.

Dei innteikna traseane på kartet fylgjer i stor grad dei godkjente køyretraseane i forvaltingsplanen og ligg utanfor definert vinter- og kalvingsområde for villrein. Olav Moen har i hovudsak behov for transport etter dei vedtekne traseane i verneområdet, men det er eit par avstikkarar over 200 m som her skal handsamast.

- Avstikkar mellom godkjent trasear til hytte ved Fyljom og Morgestaulstulen
- Avstikkar mellom Løkjestaul og Småtjønn



## Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet



Kartutsnitt som syner køyretrasane som skal nyttast.

Med omsyn til motorferdsle i vernesona seier forvaltningsplanen at "Vernesona skal oppretthaldast som eit urørt naturområde rikt på biologisk mangfold" og at "ein skal være særleg restriktiv i høve til å dispensere for nye tiltak/anlegg og motorferdsle i vernesona."

All motorferdsle skal gå føre seg i tråd med lov og føresegner for motorferdsle i utmark og på islagde vatn, med dei avgrensingar som ligg i verneføresegna. I områder som er verna i medhald av naturvernlova/naturmangfaldlova, er det strengare reglar for motorisert ferdsle enn det som følgjer av motorferdslelova/nasjonal føresegns.

I verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet står det i kapittel 4 punkt 1.4 at motorferdsle skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltningsstyretemakta, og at all



motorferdsle skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varige skjemmande markskadar, hjulspor og liknande.

I tillegg til føringane for motorferdsle som er beskrive i motorferdslelova og verneføresegn/forvaltningsplan, er det for område vedtatt ei føresegn om forbod mot motorferdsle i spesielt sårbarer områder i Brattefjell-Vindeggen. Punkt 1 i denne føresegna seier at *"All motorferdsle innafor eit område i Svafjell, Brattefjell, samt Rjupefjell og Blåfjell/Lekkjenuten avmerka på kart 1:50000, datera november 1996, er forbode i tida frå 1. april til 1. juli. Hytteigarar innafor området kan gjevast dispensasjon for inntil 2 turar til eiga hytta før 1. april."* Det er kommunane som er forvaltningsmyndigkeit for denne føresegna.

Køyretraseane som søker har teikna på kart fylgjer ligg ikkje innanfor definert vinterbeite eller kalvingsområde for villrein, jf. temakart i forvaltningsplanen. Traseane ligg i område som ikkje omfattast av lokal Forskrift om forbod mot motorferdsel i spesielt sårbarer områder i Brattefjell/Vindeggenområdet. Likevel ligg traseane i nærleiken av kalvingsområdet, og ein må difor likevel vere varsam og vise ekstra omsyn på vårvinteren og i kalvingstida.

Man må vere trygg på at dei verneverdiane som er synleggjort i verneføremålet ikkje vert skadelidande om det vert gjeve løyve til tiltaket. Ein må spesielt vere forsiktig med tanke på villreinen, særleg på vårvinteren og i kalvingstida for villrein.

Man har kjennskap, og grei dokumentasjon, av verneverdiane i området. Både når det gjelder natur- og kulturverdiar. Kunnskapen er samla i forvaltningsplanen, og er henta i samband med arbeidet med denne. Botaniske verdiar og kulturverdiar blir ikkje påverka av den køyringa det er søkt om.

Føre-var prinsippet i NML § 9 får liten betydning i denne saka, då det er godt kjent kva effekt snøskuterkjøring har på området/villreinen, og då ein ikkje kan sjå usikkerheit i moglege andre negative effektar på verneføremåla. Ein veit at støy kan stresse dyra, og i prinsippet skal motorferdsle haldast på eit minimum.

NML § 11 om avbøtande tiltak og bæring av kostnadar får liten verknad i samband med denne saka. Det følgjer av NML § 12 at det skal tas utgangspunkt i miljømessige forsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller avgrense skade på miljø. I denne saka dreier det seg om eit minimalt tal turar noko som er heil avgjerande for villreinen. Søkjaren må taka omsyn til villreinen dersom den observerast under kjøring. Då skal søkjaren trekke seg attende og vente til reinen har trekt seg unna.



**Verneområdestyret for  
Brattefjell-Vindeggen  
landskapsvernombordet**

---

**Framlegg til vedtak:**

Verneområdestyret gjev Olav Moen med reservesjåførar løyve til motorferdsle med snøskuter for leigekøring og transportkøring etter traséar teikna inn på kart lagt ved søknad dagsett 05.08.25.

Løyvet gjeld for:

-Avstikkar mellom godkjent trase til hytte ved Fyljom og Morgestaulstaulen

-Avstikkar mellom Løkjestaull og Småtjønn

Løyvet gjeld og for reservesjåførar Tone Moen, Sveinung Moen og Torgeir Moen.

Løyvet er gjeve med heimel i NML § 48.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for leige- og transportkøyring utanfor godkjente trasear (jf. forvaltingsplan).

- Løyvet gjeld fram til 25.04.27. Verneområdestyret kan ikkje gje løyve som varer utover styreperioden.

- Ekstra sjåførar er å rekne som erstatningssjåfør. Det vil seie berre ein sjåfør per tur som hovudregel.

- Søkjaren skal bruke slede ved leigekøring og oppdraget skal kunne dokumenterast.

- Det er ikkje høve til persontransport åleine.

- Der det finnast etablira trasé for snøskuter, skal denne følgjast.

- Søkjaren skal kunne dokumentere at han/ho er ute på oppdrag ved kontroll. Det skal førast køyrebok med penn (sjå neste side). Dato og føremål skal skrivast inn før turen tek til. Køyreboka må takast med under transporten og vises fram ved kontroll.

- Observerast villrein, skal køyring stansas. Søkjaren skal ha dialog med SNO /verneområdeforvaltaren om det er villrein i området.

Elles gjeld vilkår gjeve i løyve etter motorferdselslova.

Vedtaket er berre fatta etter verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet og tilhøyrande forvaltningsplan. Søkjær er sjølv ansvarleg for å få andre nødvendige løyve, slik som til dømes grunneigarløyve og løyve etter motorferdslelova.

Det er klagerett på avgjerda. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet.

Vedtaket vert sendt til Olav Moen.

Kopi:

- Seljord kommune

- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil også bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.